



**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Arkitekt Rolv Eide AS

Pb. 325  
5343 STRAUME

**Dykkar ref.**                      **Sakshandsamar:**  
Benjamin Hicks

**Vår ref.**                              **Telefon**  
2009/176 - 0 -                      56375000  
17479/2010

**Arkivkode:**                        **Dato:**  
188/763                              28.06.2010

*Delegert sak*

**Igangsettingsløyve - resterande arbeid - og løyve til endring av tiltak - gbnr 188/763 - Gjervik Ytre, Knarvik senter**

Vi viser til søknad om løyve til igangsetting, motteke 10.05.2010.

Vedlegg:

- søknad om ansvarsrett for uavhengig brann motteke 07.06.2010.
- søknad om ansvarsrettar motteke 10.05.2010
- kontrollerklæringer for prosjektering.
- skriv frå arbeidstilsynet motteke den 23.06.2010 (Safari).
- skriv frå arbeidstilsynet motteke den 24.06.2010 (Expert).
- godkjenningsbevis.

Vi viser også til melding om oppsetting av skilt motteke den 17.6.2010 og ettersendt søknad om endring av tiltak motteke same dag.

Vedlegg:

- skriv frå Vegvesenet datert 23.06.2010.

**Saksutgreiing/Vurdering**

Sakshandsaming.

Begge søknader vert handsama i dette vedtaket.

Gebyr.

Sakshandsamingsgebyr vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C3.3. Søknadsplichtige tiltak (Pbl§93)	
Tilleggsgebyr. > 2 dagsverk	13.600
<b>SUM</b>	<b>13.600</b>

Historikk – igangsetting.

Epost frå ansvarleg søkjar:

"At de resterende arbeider har vært påbegynt før godkjenning har blitt forelagt er et resultat av streng fremdrift og i den forståelse at kommune sitter 300m fra byggeplassen og må være informert om de byggearbeider som pågår.

Dersom dette ikke hadde vært akseptert av kommune måtte vi fått hurtig tilbakemelding om at alle papirer må foreligge før igangsetting blir utskrevet



og eventuell stoppordre. At det svares 1 mnd. Etter at søknad er sendt er ikke akseptabelt.

Det har ikke vært noe bevisst forsøk på å "lure" gjennom en godkjenning, eller at det har vært en kontrollsvikt av våre rutiner. Det hele har vært bevisst og nevnt i brev til Lindås kommune i håp om å kunne ha alle papirer klar til åpningen den 1 juli."

Som det går fram av epost frå ansvarleg søkjar motteke den 24.06.2010 er tiltaket påbegynt før godkjenning. Disse arbeida har aldri vore akseptert av kommunen. Ettersendt uavhengig kontroll for brann er datert den 04.06.2010. Samtykkje frå arbeidstilsynet er motteke den 23 og 24.06.2010.

I ansvarleg søkjar sitt skriv datert 07.05.2010 går det, blant anna, fram at "Conradi AS opplyser om at papirer er sent over til ekstern konsulent for kontroll. Kontrollerklæring ettersendes." Vidare at "Safari og Expert AS skal sjølv være ansvarlig for innsending av papirer til Arbeidstilsynet. Når godkjenning foreligger, blir denne ettersendt."

Det vart sendt ut eit mangelbrev då ein ikkje kunne sjå at samtykkje frå Arbeidstilsynet låg førre. Kommunen hadde med bakgrunn i ansvarleg søkjar sitt skriv rekna med at manglande dokument ville bli ettersendt innan kort tid, slik at kommunen ville kunne gi igangsettingsløyve like etter. Mangelbrevet hadde som føremål å "friske opp" ein eventuell "gløymt" oversending til kommunen. Kommunen kunne ikkje på det aktuelle tidspunktet gi igangsettingsløyve for resterande arbeider.

- Saka vil bli fylgt opp av kommunen i form av tilsyn. Tilsynet sin konklusjon vil kunne få konsekvensar for ansvarleg søkjar og andre ansvarshavande i prosjektet.

#### Vurdering – skilt.

Den aktuelle fasaden på parkeringshuset vil ha signaleffekt. Det vil vere den fasade som først vert sett i møte med Knarvik når ein kjem sørfrå. Det er soleis viktig å vere varsam med utforminga av denne fasaden.

I dei prospekta som vart vist for planutvalet frå arkitekten i vart denne fasaden som viktig og spesielt ivaretatt. I lokalpressa er det i det seinare kome fram reaksjonar frå ålmenta om at ein er oppteken av Knarvik sitt "ansikt", og uttrykk om denne fasaden som "halvferdig" og "ser ut som ein silo".

Det vert vist til fasadeteikningar nr A30.40.01. og A30.40.02., datert 22.01.09., motteke 05.02.09. Disse fasadeteikningane har ikkje vist korleis det viktige fasadeuttrykket er ført vidare. På fasadeteikningane er ikkje skilt eller logo teke med. Det er slik ikkje gjort estetisk vurdering av korleis fasade og skilt skal fungere saman.

Det kan sjå ut som at ein no ynskjer at fasaden på parkeringshuset skal framstå med ei flate med frilagt betong. Dette er ikkje i samsvar med det som er vist på fasadeteikningane. På bakgrunn av at dette ikkje er avklart tilrår administrasjonen at det vert gjeve eit mellombels løyve til skiltet "Knarvik Senter" fram til tilhøva for fasade er avklart. Andre skilt inkludert skiltet som viser opningstidspunktet for bygget vert ikkje tillate inntil vidare.

#### Oppsummering.

- Administrasjonen finn det svært beklageleg at ansvarlege føretak involvert i prosjektet har utført søknadspliktig arbeider utan at naudsynte løyver ligg føre.
- Administrasjonen finn, ut frå ei samla vurdering, å kunne godkjenne søknad om igangsetting ut frå dei dokument som nå ligg føre.
- Det vert gjeve eit mellombels løyve til skiltet "Knarvik Senter".

**Kommunen gjer Dykk merksam på at det ikkje vert gjeve mellombels bruksløyve for tiltaket med bakgrunn i dei dokument som nå ligg føre.**

## Vedtak:

Søknaden om igangsetting etter plan- og bygningslova § 93, jf § 95 a nr.2, vert godkjent i samsvar med søknaden.

Søknad om endringsløyve (skilt) vert gjeve mellombels i samsvar med innsende teikningar fram til tilhøva for fasade er avklart på fylgjande vilkår:

1. Godkjenning gjeld berre skiltet "Knarvik Senter".
2. Andre skilt inkludert skiltet som viser opningstidspunktet for bygget, vert ikkje tillate inntil vidare.
3. Skiltet må fjernast innan den 01.12.2010 med mindre permanent løyve vert gjeve.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
KPR, T 3	Brannteknisk prosjektering	QPC AS
PRO/KPR, T2	Arkitektfag	Arkitekt Rolv Eide AS(K)
PRO/KPR,?	Glassfasader, glasstak og dører i aluminium.	Bolseth Glass AS(?)
UTF/KUT,?	Glassfasader, glasstak og dører i aluminium.	Bolseth Glass AS
UTF/KUT, T3	Fasadearbeider med keramisk flis og Royal impregnert kledning/spiler samt tilstøtende beslagsavslutninger	Sognnes Bygg AS
UTF/KUT, T2	Innvendig tømrerarbeid, utvendig tømrerarbeid eks. fasadekledning.	Byggmester Markhus AS
PRO, T3	Brannprosjektering	Conradi AS
UTF/KUT, T3	Ventilasjonsanlegg	Randem & Hübert AS
PRO/KPR, T3	Ventilasjonsanlegg	Randem & Hübert AS(K)
PRO/KPR, T1	Rulletrapp	Thyssenkrupp Rulletrapper AS(K)
UTF/KUT, T3	Rulletrapp	Thyssenkrupp Rulletrapper AS
PRO/KPR, T2	Løfteinnretningar	HK-Service AS(K)
UTF/KUT, T3	Løfteinnretningar	HK-Service AS

Vi gjer merksam på at kontrollerklæring for prosjektering frå Bolseth Glass manglar. Vi gjer merksam på at søknaden om ansvarsrett er mangelfull.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hagle  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

Kopi til:  
Knarvik Senterutvikling AS    Knarvik senter    5914    ISDALSTØ